Nov 2016, årgang 5, nr 4

# Kyrkje og kultur i Sirdal



## Avskjed med ein folkekjær prest
Side 4-6

## Grubeli har fått nye lokale
Side 8-10

## Kultursidene
Side 18-28

# Ei strime av lys

Som prest har eg stadig stått nært alteret i dei fire kyrkjene våre. Dei har kvar sitt bilete over, med kvart sitt særpreg og skal fortelje om viktige sider ved det å vere samla for å møte Gud.

I Tonstad kyrkje har Finn Emanuel Olsen henta motiv frå forteljinga i Lukas-evangeliet om dei to læresveinane som hadde gitt seg i veg frå Jerusalem til Emmaus påskedag. Det var ei strekning på seksti stadier, står det.

I den seinare tid har eg ofte fått spørsmålet: «Kor lenge har du vore her, eigentleg?»
26 og ei halvt år, det er lenge, er vi samde om. Det er rart. Det er mykje å sjå tilbake på, mykje som fyller meg med glede og takksemd. Eg har fått lov til å vere nær mange i viktige stunder, i glede og sorg. Mange eg har kjent har gått bort. Mange har eg døypt og fått vere med på vegen opp gjennom oppveksten. Eg har fått lov å vere medvandrar eit stykke, kort og lengre. Men kor lenge har eg vore her, **eigentleg?**

60 stadier er ikkje lange vegen, 11 km. Motivet på alterbiletet er augneblinken då den ukjende medvandraren til dei to har tatt brødet og er i ferd med å be takkebøna og dele ut.
Då er det eit lys som strøymer inn og eit lys frå handa hans. Det er eit lys frå der det ikkje er dagar eller år. Eit lys frå der han er, han som døydde og var stått opp. Kvar gong dei skulle bryte brødet skulle dei sjå glimt av han. Dei hadde vore fylde av sorg og forvirring dei to, då dei gjekk på vegen mot Emmaus.

Når eg skal slutte som prest i Sirdal etter så mange år, er det ikkje utan vemod – og uro for korleis det skal bli vidare, i det nære og når det gjeld framtida på mange plan.
Men lyset som bryt inn der brødet blir brote i Emmaus, ber bod om ei virkelegheit som har brote inn, den som den oppstadne ber med seg. Det gir perspektiv på det som har vore. Det gir perspektiv på det som kjem. Der eit lys som held på bryte gjennom, inn i dagane, inn i mine og dine, inn i det store og lille.
*«Og medan han sat til bords med dei, tok han brødet, bad takkebøna, braut det og gav dei. Då vart auga deira opna, og dei kjende han att.»*
Luk 24, 30-31

**Sigurd Flydal**

# Takk Sigurd!

Ein epoke – ein historisk periode som det står i Store norske leksikon, er over – i alle fall ein lokalhistorisk periode. Presten var i tidlegare tider sjølvaste "far" i bygda. Slik er det ikkje lenger, men Sigurd har i over 26 år vore presten i bygda vår, og for mange vorte ein far å gå til i sorg og glede, ikkje minst i sorg har han for mange vore ei uvurderlig støtte.

Han tek ikkje ting lettvindt, som han seier det i intervjuet i bladet vårt - ein sterk motivasjon for å studera teologi var å trengja djupare inn i grunnlaget for den kristne trua. Han har vore nær mange av oss ved viktige merkesteinar i livet, dåp, konfirmasjon, bryllaup og gravferd. Han har vore ein god medvandrar.

Sigurd har med sin væremåte vore ein viktig person i stabsfellesskapet, dei tilsette i kyrkja; og for dei mange frivillige medarbeidarane. Han har stått for stabilitet i arbeidet og i samarbeidet med dei andre kyrkjesamfunna og dei kristne organisasjonane vi har i Sirdal.
Den flotte songstemma til Sigurd har og vore til stor glede for kyrkjelyden. Han er ein framifrå liturg, knappast nokon kan forretta gudstenestene finare og betre. Han har i alle desse åra vore ein bærebjelke i Sirdal blandakor og ein dyktig solist når det har vore aktuelt.

Takka vår går og til Lillian som på ein fin og varsam måte har støtta opp om verksemda i kyrkjelyden. Speidarleiar har ho vore, og flott julekrybbe har vi fått i kyrkja. Prestegarden har mang ein gong hatt opne dører til trivelege samlingar. I mange år var ho og ein viktig støttespelar for Sirdal vidaregåande skule i sitt arbeid som rådgjevar der.

Stor takk til Sigurd og Lillian for lang og trufast teneste her i Sirdal! Vi vonar å sjå dykk att fleire gonger, og ønskjer dykk båe alt godt og Guds velsigning vidare!

**Lars Audun Fodstad**

# Miljøtipset: Reduser matavfallet

**I 2013 hamna ein tredjedel av verdas mat i søpla, og matkasting stod bak eit $CO_2$-utslepp på 4,4 milliardar tonn.**
I Noreg vart det same år kasta mat tilsvarande 361.000 tonn $CO_2$. Dette innebar at kvar femte berepose mat, ikkje vart eten. 900.000 menneske kunne vore metta av innhaldet i desse bereposane.
Dessverre er det framleis mykje etande mat som vert kasta i Noreg. Slik treng det ikkje vere. Korleis kan vi som enkeltmenneske bidra til at det vert kasta mindre mat?

**Kjøp «single» bananar**
Finst det enkelte varer du overser i butikken? Ein «singel» banan er ein banan som blir liggjande att når vi tek med fem av seks bananar frå bananbunten. Single bananar har dessverre ein lei tendens til aldri å bli kjøpt. Det er noko vi som enkeltpersonar kan motverke.



**Ja til matkastelov**
Frankrike har nyleg innført ein matkastelov som pålegg supermarknader å gje bort etande mat dei ikkje får selt til gode føremål. Dei siste månadene har forslag til ein liknande lov vekt stor interesse i Noreg. Du kan seie ja til lova her: http://www.framtiden.no/ja-til-matkastelov.html

**Billig restaurantmat**
Om du er på bytur, kan kanskje den nye appen «too good to go» gi deg eit billig, miljøvenleg kveldsmåltid. Appen er ei populær oppfinning kor serveringsstader sel ut mat dei elles ville kasta, til ein lågare pris.

Tekst og foto: **Ane Bendikte Haughom**


## Kyrkje og kultur i Sirdal: nr 4/2016

**Utgjevar:**
Sirdal kyrkjelyd i samarbeid med Sirdal kommune, eining for kultur og fritid.

**Fire utgåver pr år.**

**Redaksjon**:
Lars Audun Fodstad, Solbjørg Tjørhom, Sven-Egil Testad og Henning Huseby Jansen.

**Kultursidene:** Eining for kultur og fritid.

**Abonnement**
Bladet blir sendt gratis til alle husstandar i Sirdal. Utanom Sirdal er det mogleg å tinga bladet for kr 150 pr år.

**Kontaktinformasjon for abonnement og støtteannonsar:**
Postboks 133, 4441 Tonstad
Tlf 38371600, e-post: post@sirdal.kyrkja.no

**Framsida:** Adventstemning
**Foto:** Per Magne Sinnes
**Trykk:** Synkron Media


”Lik” gjerne kyrkja si facebook-side:

www.facebook.com/Kyrkja i Sirdal

Følg oss på Facebook

# Pensjonist etter 26 år i Sirdal

Sigurd Flydal kom som prest til Sirdal i 1990. Få prestar i bispedømmet har vore like lenge på same staden. Det er difor på mange måtar ein epoke som er over når Sigurd no går av med pensjon 1.søndag i advent.

«Kyrkje og kultur» tok ein prat med han no mot slutten av tida hans her i dalen.

***Kvifor vart du prest?***

- I oppveksten tyda alt på at eg skulle velja eit teknisk yrke. Interessa gjekk mot alt mekanisk, motorar og snekring. Men i gymnastida fekk eg andre tankar. Eg er nok ein grublartype, med litt filosofisk legning, og eg vart trekt mot å studera dei djupe spørsmåla. Gjennom "Laget" blei eg kjent med gudstenesteliv og bibelstudium, og opplevde det som noko positivt. Eg hadde eit "tenkeår" som diakoni- eittåring i Drammen, og etter kvart blei det aktuelt for meg å studera teologi. Eg fekk

*«...eg vart trekt mot å studera dei djupe spørsmåla»*

også det rådet. Ein sterk motivasjon var ønsket om å trengja djupare inn i grunnlaget for den kristne trua og få eit anna fundament for den enn den vekta på følelsar som eg opplevde i ungdomstida.
Ein ting var å studera teologi, noko anna å bli prest. Eg vegra meg mot det, hadde eit vagt bilete av det å vera prest som noko stort som eg hadde vanskar med å identifisere meg med. Eg var både tiltrekt og skremd. Eg sa til slutt ja, til Gud. Så blei ordinasjonen viktig for meg. Skulle eg vera prest, så måtte det vera med kall og oppdrag frå kyrkja og med den utrustninga ordinasjonen gir.

***Kvar hadde du vore prest før du kom til Sirdal?***

- Eg var først vikar i Nord- Rana eitt år. Presten der skulle ta utdanning i sørsamisk for å omsetje nytestamentet til dette språket.
Etter siviltenaste, var eg vikarprest i Harstad-området i seks år. Det var fine og viktige år. Der fekk vi borna våre, og Harstad er ein liten by med eit rikt kulturliv.

*- For meg er gudstenesta orienteringspunktet og kjernen i det å vera prest, både i høgtider og på vanlege søndagar, seier Sigurd.*





*- Eg har alltid gått på kontoret med ei god forventing. Å vera den einaste "åleine- presten" i prostiet har ikkje vore vanskeleg på grunn av staben.*

Ikkje minst på grunn av borna, ville vi etter kvart koma nærare familie. Eg ønskte også å bli knyta nærare til ein kyrkjelyd enn det eg kunne bli som vikarprest. Og det ønsket har eg absolutt fått oppfylt i Sirdal.

*«Det er stort å få vera så nær menneske i viktige hendingar i livet.»*

***Kvifor vart det eigentleg Sirdal? Kjende du til plassen frå før?***

- Vi såg etter stillingar nær heimplassane våre: Sunnmøre og Kristiansand. Eg søkte to plassar i Agder, og fekk først svar frå Sirdal. Vi visste to ting om Sirdal: Lillian hadde tante og onkel på Virak, og Sindre Eide hadde vore prest her. At det var vidaregåande skule her, gjorde at Lillian kunne få jobb. Vener frå Stavanger meinte og at Sirdal ikkje var så ulikt Nord-Noreg, med store avstandar og nærleik til naturen.

Sigurd fortel at det var flott å koma hit, til prestegarden, der det er fint å bu, og til den storslåtte naturen , sumar som vinter. Samstundes kjende han på "frykt og beven" ved å gå inn i ei fast prestestilling.

***Prest i Sirdal. Korleis har det vore, og kva har du likt best?***

- Eg trivst best med å snakke med folk på tomannshand og i mindre grupper. Det har det blitt mykje av, i sorg og glede. Det er stort å få vera så nær menneske i viktige hendingar i livet, at folk har vist meg tillit til å ta del i liva deira. Det kjennest som å stå på heilag grunn.

For meg er **gudstenesta** orienteringspunktet og kjernen i det å vera prest, både i høgtider og på vanlege søndagar .Det er eit privilegium å få dela det med mange, og få vera nær sakramenta, bokstaveleg tala. Det er meiningsfullt, strevsamt, somme tider einsamt og krevjande, særleg i høgtidene når eg kjenner forventningane. Samstundes har høgtidene vore store høgdepunkt, ikkje minst i lag med kora.

Eit viktig punkt er **stabsfellesskapet.** Gode medarbeidarar har vore viktige



*Både Sigurd og resten av familien har trivest godt i prestegarden. Mange har vore innom der opp gjennom desse åra.*

*(Framhald på neste side)*

på mange måtar.
Det har vore eit flott fellesskap, og vi har stått saman om gudstenester og andre oppgåver i kyrkjelyden. Eg har alltid gått på kontoret med ei god forventing. Å vera den einaste "åleinepresten" i prostiet har ikkje vore vanskeleg på grunn av staben. Fagleg påfyll har eg fått gjennom faste prestesamlingar i prostiet.

**Sirdal blandakor** har også betydd mykje for meg. Vi har sunge så mykje forskjellig og spennande. Å synga i koret, har gitt glede og overskot.

Sigurd nemner dette med å bli så godt kjent med enkeltmenneske og familiar, fleire generasjonar. Dette er det 12. konfirmantkullet som han også har døypt! Det er fint med kontakten i det daglege, slå av ein prat og bli møtt med eit smil.
- Eg har stor glede av kontakten med eldre, snakka med dei og høyra på. Det er vemodig å tenka på alle ein har kjent som ikkje er her meir.
Eg likar også å vera i lag med konfirmantane. Å vera på leir med dei blir berre kjekkare og kjekkare, og dei er utruleg greie!

***Har noko vore vanskeleg eller negativt?***
- Det er ein type slitasje som gjer at det no er rett å slutte som prest. Det er sider




*Gjennom åra har det blitt mange gudstenester i friluft. Her på Roskrepp i 2007 saman med tidlegare kollega og kantor Hanne Fodstad.*

ved prestetenesta som kan vera slitsame, å alltid ha noko å gje, noko som er til å leva på. Det kan slita med forventingar, både eigne og andre sine. Lillian, barn og barnebarn bur i Kristiansand, og det gjer også sitt til at eg sluttar no. Prestetenesta har vore djupt meiningsfull og samstundes krevjande.

***Tilslutt: Kva har du tenkt å bruke pensjonisttida til?***
- Meir tid til familien! Lytta til musikk, gå på konsertar, lesa bøker, gå turar, bli med i eit kor, snekra; det er masse som ventar i hus og hage. Eg ønskjer også å engasjera meg i frivillig arbeid, så som Kirkens SOS og anna.

Tekst : **Hanne Birgitte Fodstad**
Foto: **Henning Huseby Jansen/ Per Øistein Rogstad**

# Avskjedsmarkering

Det blir avskjedsgudsteneste for Sigurd i Tonstad kyrkje 1.søndag i advent 27.november kl 11.00, med stor avskjedsmarkering på Kulturhuset etter gudstenesta.
Der blir det middag, kaffi og kaker, musikalske innslag, helsingar og anna. Alle er velkomne! Kollekt. Dagen blir avslutta med den tradisjonsrike adventssamlinga på Elias-tunet og i kyrkja. Her blir Tonstad barnekor med. Sirdal blandakor blir med på alle arrangementa denne dagen.

# Kyrkjeskyss

Dei som treng skyss til gudstenesta, kan ringe eit av desse nummera:
⇒ Øvre Sirdal: **95727071** (Geir Tjørhom) eller **92623265** (Arnhild Tjørhom)
⇒ Haughom/Øksendal: **41 33 08 49** (Sven-Egil Testad)
⇒ Kyrkjekontoret: **97 63 31 27** (Henning Huseby Jansen)

**Ring innan lørdag 26.november kl 18.00** for å vere sikra plass.
Kyrkjeskyssen går heim att om ettermiddagen.

# Kva for oppgåver har dei ulike utvala i kyrkja?

# Denne gongen: Gudstenesteutvalet



I utvalet er desse med: Gunnlaug Seland, Anne Turid Solberg Garnica, Siv Olaug Tonstad, May Bente Øksendal Ousdal, Hanne Birgitte Fodstad, samt prest og kantor.

I retningslinene for utvalet står det at vi skal "stimulere til engasjement for gudstenestelivet". Vi er veldig opne for innspel! Vi er særleg opptekne av at born og unge skal kjenne seg heime i gudstenestene, og at dei skal få vere aktive med song, tekstlesing, drama mm. Vi har fått ordna til leikekrokar i kyrkjene og julekrubbe og påskelandskap i Tonstad og Kvævemoen. Involvering er eit viktig ord, det gjeld både barn, unge og vaksne. Vi er takksame for alle friviljuge gudstenestemedarbeidarar som kyrkjevertar, tekstlesarar, klokkarar og alle som bidreg med song og musikk. Og vi vil gjerne ha fleire! For ein del år sidan hadde vi gudstenesteverkstad eit par gongar. Kanskje noko å ta opp att? Utvalet har ansvar for kyrkjekaffi på nokre gudstenester. Vi arrangerer også Naturlos-turar og "kyrkjetrim", sume tider i samarbeid med historielaget, idrettslaget eller kulturetaten. Vi kjem med innspel til gudstenestelistene og har brukt tid på ny liturgi. No får kyrkjelyden sin eigen trusopplæringsplan. Den blir og viktig for arbeidet med gudstenestene.

Tekst: **Hanne Fodstad** Foto: **Henning Huseby Jansen**

# Ny prest i Sirdal



Det er no klart at det blir **Rolf Petter Eriksen** som tek over som prest i Sirdal når Sigurd Flydal sluttar ved nyttår. Rolf Petter kjem frå stillinga som kapellan på Lista, og tek til som sokneprest i Sirdal 1.januar 2017. Vi kjem attende med eit intervju med han i neste nummer.

# Takk til alle som har bidratt!

Soknerådet vil rette ein **stor takk** til alle som har bidratt til at Tonstad kyrkje no har fått eit flott, nytt piano. Tonane frå dette instrumentet vil glede mange, både barn, unge og vaksne i åra som kjem.
Har du ikkje fått høve til å gi ei gåve til det nye pianoet, er det enno høve til å gjere det ved å betale inn til pianokonto
**3201 09 78393** i Sparebank1-SRbank.
Alle som gjev minst 500,- kroner og melder inn personnummeret sitt til kyrkjekontoret, får skattelette. Personnummeret kan du melde inn til kyrkjekontoret på 38371600.
*post@sirdal.kyrkja.no* eller ved å ringe 38 37 16 00. **Takk for gåva di!** *Soknerådet*



# Livsnær hjelp i nye lokale

*Som dei fleste har fått med seg, har Grubeli Rehabiliteringssenter flytta frå lia over Tonstad og vestover til Bjørnestad. Den store utbygginga på Ertsmyra tvang det fram.*

Med ei grei erstatning for tapte hus på Grubeli, kan rehabiliteringa no føregå på «Heimevernshytta»
Når ein svingar av hovudvegen på Bjørnestad ser ein også ei ny bygning ta form. Ingvar Sele ønskjer velkommen og fortel gjerne om drifta, nybygget og planar vidare.

Det er Ålgård baptistkykjelyd som eig og driv rehabiliteringssenteret gjennom eit styre. Ingvar er dagleg leiar og tek seg av utruleg mange oppgåver. Ein bebuar seier: «Kor andre stader finn du ein adm. direktør med spade i handa eller på taket som takleggjar?» Han har byggeansvar for nybygget og arbeider i miljøet med bebuarane, han har også vakt på huset ei helg i måneden. IT-opplegg og funksjon tek han også ansvaret for.



*Frå venstre: Dick Ståhl, styreformann i Grubelistyret Kjell Svela og dagleg leiar Ingvar Sele.*

**Mange nye moglegheiter**

Ingvar viser rundt i nybygget som skal innehalda dei funksjonane som manglar no: kontor, samtalerom, medisinrom og godkjende rom for dei tilsette som er på vakt. Planen er å kunna ta huset i bruk før sommaren. No er det tett, og det meste som står att skal gjerast på dugnad. Dette vil gje ei heilt annan ro og trivsel både for bebuarane og dei tilsette. Å kunna sitja uforstyrra og gjennomføra ein samtale enten det er med lækjar, psykolog eller primærkontakt, ser alle fram til.
Like ved held dei på å gjera klart eit bygg som skal brukast til skjerming. Iblant treng ein bebuar å koma seg etter ein sprekk og vera litt borte frå dei andre.
Kven er det som kjem til Grubeli ? Dei fleste er frå Agder og Rogaland, men også frå andre stader. Det vanlege er at bebuarane har slite med sitt rusproblem lenge, mange heilt frå tenåra. Her kan

dei vera så lenge som heimekommunen gjev økonomisk garanti for dei. Når ein spør om hjelpa bebuarane får på Grubeli fungerer, legg dei vekt på den langvarige kontakten. Å slutta med rus er berre starten på ein lang veg der ein skal klara leva i samfunnet. Har rusvanskane dominert livet i 10-20 år, så

*«Ja, kan du klara koma på beina att, så er det håp for meg og»*

har mange endringar i det vanlege dagleglivet gått «hus forbi» for bebuarane. Rehabilitering er vanskeleg om ein vert sitjande åleine i ei leilighet og har lite å ta seg til.

**Møtt med verdighet og respekt**

Ute på plassen held Dick Ståhl til. No er han frivillig på huset, er der annankvar veke og prøver hjelpa til med ulikt arbeid. Han viser fram «tuntreet», ei bonsaiforma furu han har flytta med frå Grubeli og har laga fint til. Elles likar han å ta med nokre av dei andre på fisketur og opplever at han gjev noko attende når ein bebuar til dømes seier: «Ja, kan du klara koma på beina att, så er det håp for meg og.»

Dick har hatt kontakt med Grubeli i 7 år. Utan folka der tviler han på at han ville hatt eit bra liv slik han opplever han har no. Han fortel også om det kristne fundamentet Grubeli byggjer på. Her er dagleg samlingar, og kvar enkelt kan velja å delta eller ikkje. Han presiserer og at måten dei tilsette møter kvar enkelt med verdighet og respekt gjer godt for menneske som er mest vane med bortvising og mistru.

**Tryggleik i kvardagen**

Margunn Kyllingstad er ei av dei som skapar denne tryggleiken rundt bebuarane. Ho har og arbeidd der i 15 år. Hennar innsikt og kunnskap kjem snart fram i samtalen. Ein veit at dei tilsette ofte må bæra håpet for bebuarane når dagane vert mørke og vanskelege. Margunn gleder seg stort til nybygget kan brukast. Dei er spente på om dei får fullt belegg. I alt kan det vere 22 bebuarar der, men søknadsmassen varierer noko. Det skaper uvisse for styret og leiinga .

**Nytt namn?**

« Skal namnet vera Grubeli også no når de er på Bjørnestad?» lurer me på. Svaret er at dei diskuterer det, kanskje kjem dei opp med eit nytt, flott namn når nybygget skal takast i bruk, men Grubeli er eit namn mange kjenner,




*«Når eg kan ta eit steg om gongen, håpar eg det skal gå bra. Her kan eg få støtte, dessutan kjenner eg folk i Filadelfia og Baptistkyrkja, så litt tilknytning til bygda har eg alt» fortel Kate Mosby. Her lagar ho kompe til middag.*

*(framhald neste side)*

så nytt namn kan og gjera dei litt framande for hjelpeapparatet som søkjer bebuarane dit.

**Kate sine komper til middag**

På kjøkenet møter me Kate Mosby i full gang med middagslaginga. Det skal vera komler i dag, eller komper som



*Nybygget tek form på Bjørnestad.*

Kate seier. Ho er også glad for tida ho har fått vera på Grubeli. No ser ho fram til å flytta i leilighet og arbeida på kjøkenet her vidare.

Kate seier og at ho har hatt god nytte og glede av treninga i styrkerommet i idrettshallen og sømming i Tonstadbadet. Slike tilbod byggjer opp både fysisk og psykisk helse for bebuarane.

På tampen spør eg Ingvar om han opplever det er mange konfliktar mellom bebuarane og bygdefolket. Han kan fortelja at det gjennom åra har vore nokre uheldige hendingar, men at målet er å ta tak i det så snart dei får kjennskap til det. Difor set han stor pris på at folk kjem direkte og seier frå om noko er ugreit, så kan det ryddast opp fort. Bebuarane skal også læra ein del om korleis ein tek tak i vanskelege situasjonar utan å stikka av.

Tidlegare var det heimevern på Bjørnestadhytta. No er det menneskevern dei praktiserer, vern mot destruktive krefter i ein sjølv og i tidlegare usunne miljø.

På Grubeli si heimeside les vi:

*«Utgangspunktet for arbeidet på Grubeli er mennesket med sine fysiske, psykiske, sosiale og åndelige behov, sine ressurser, handlinger og problemer. Hjelpen vi gir er livsnær og hverdagsorientert. Vi ønsker å sette beboerne i stand til å ta ansvar for sitt eget liv og mestre hverdagen uten rus.»*

Tekst og foto: **Solbjørg Tjørhom**



*Ingvar Sele og Margunn Kyllingstad har begge vore tilsett lenge ved Grubeli, og dei betyr mykje for bebuarane sin tryggleik og trivsel.*

# Vi syng jula inn



Også i år vil me 4. søndag i advent synge jula inn i Tonstad kyrkje.

Tidspunktet er 18. desember kl. 19.30. Sirdal Blandakor blir som vanleg med, og det blir også andre musikalske innslag. Men ikkje minst skal me saman synge mange av dei kjære julesongane som så mange er glade i! Mange kjem ikkje i skikkeleg julestemning utan å ha sunge julesongar, så me vonar folk vil prioritere å ta turen til kyrkja denne kvelden. **KOE**



# Juletrefest i Kvævemoen kapell

Det blir skikkeleg julefest på Kvæven også i år! Tidspunktet er torsdag 29. desember kl. 17.00. Dei siste åra har det vore mykje folk og veldig god stemning på julefesten i Øvre Sirdal, så me satsar på det i år også! Det blir gang rundt juletreet, andakt, matøkt, prat og konkurranse. Som før bed me folk om å ta med seg eit fat med noko mat eller julekaker etc. Festen er for alle som har lyst, og er berekna på folk i alle aldrar! Kom og bli med du også!

**KOE**

# Polakk med viktige oppgåver

*Du har kan henda sett denne mannen i Risaklede, der han set brøytestikker, ryddar for godt vegsyn, reinsar grøfter med meir.*

Tomasz (Tomek) Tymowicz er polsk, og kjem frå Dynów (uttalast Dinef) heilt sør i Polen. Han kom til Noreg 3.mai 2004, og hadde ulike arbeidsgjevarar til han nå i ni år har vore tilsett hos Risa.




*Tomec slik mange har sett han, ute på oppdrag for Risa.*

Ei av oppgåvene hans er å sette opp brøytestikker. Rett mann på rett plass kan ein seia, då han hadde same oppgåva i sju år i Dynów før han kom til Noreg. Han er gift med Renata, og har borna Marta(18), Darek(14), og Lukasz(13). Arbeidsavtalen hans gjer at han får møta dei fleire gonger i året.

Lunde Kyrkje blir leigd ut til St. Svithun Katolske Menighet som har messe fyrste laurdagen i kvar månad.



*Tomasz, som kallar seg Tomek her i landet, har fleire viktige oppgåver i messene i Lunde kyrkje. Mellom anna les han tekstene.*

I messa har Tomasz ei viktig oppgåve. Han er både klokkar og kyrkjetenar. Han les tekstene, og hjelper pateren med ulike gjeremål, mellom anna symbolsk handvask, held patena (fat) for å fanga opp brød som kan falla ned. Tomasz hadde også denne oppgåva i 13 år i Dynów.

**Vondt å vere vekke frå familien**
Så klart er det vondt å vera skild frå familien, men han trivst godt i Sirdal, og har fått mange gode vener her. Gud signe deg i arbeidet ditt!
(Dersom du, kjære lesar, har samla på Kyrkje og kultur, kan du finna nr 3 frå 2013, så ser du frå messa i Lunde Kyrkje i juli 2013). Dersom du ynskjer, er det heilt greitt å vera med på messene.

Tekst og foto: **Sven-Egil Testad**

# Adventsamlingar på Tonstad og Kvævemoen

Tradisjonen tru blir det også i år tenning av julegrana både på Tonstad og på Kvævemoen i starten av adventstida. Ordførar Thor Jørgen Tjørhom har lova å vere til stades både sør og nord i dalen, og det er som vanleg venta mykje folk begge stader.

**På Tonstad er det adventsamling søndag 27.november kl 16.00 på Eliastunet**, med gløgg og mandarinar. Kl 16.30 blir det tenning av julegrana ved ordføraren og song og gang rundt treet. Kl 17.00 byrjar adventsamlinga i kyrkja. Tonstad barnekor og Sirdal blandakor vil synge.

**På Kvævemoen er det adventsamling tysdag 29.november kl 17.30 ved Fjellmuseet**. Ordføraren tenner juletreet, og det blir gang rundt treet også her. Kl 18.00 byrjar lysmessa i kapellet, og der vil konfirmantane delta. Etter lysmessa blir det graut på Infosenteret. Vel møtt til trivelege adventsamlingar for både små og store.



*Tenning av julegrana på Eliastunet.* Foto: **Frank Haughom**

# Gardsnamn i Sirdal: Hammersmark



Namnet var nok opphaveleg Hamar, truleg etter nokre fjellhamrar eller knausar på garden. Mykje tyder på at garden var busett alt før Svartedauen i 1349, men at folka der døydde ut under den harde sjukdomen.
Fyrste gongen garden er nemnd skriftleg er i 1614, og då heitte han Hammersmarch (mårk = skog).
Sagnet fortel at sidan garden hadde lege aude så lenge hadde skogen heilt teke over all dyrka mark. For å bli kvitt skogen og alle villdyra som heldt til der, vart det sett eld på skogen. Men elden tok over, med det resultatet at heile området gjekk opp i røyk. Men graset grodde godt i dei avsvidde "brånebakkane", og garden kunne på slutten av 1600-talet fø ein hest og 6 kyr.
Siden han ligg på mest 400 m.o.h. hende det ganske ofte at kornet fraus. Då kunne det koma godt med at det var godt med aure i vatnet som høyrde til garden, og at ein kunne berga livet med å blanda bork i brødet. Difor heiter det i gardsrimet om Hammarsmark:

***«Hamars-mårk, berg å bork.***
***Bufe-beide i bråne-bakka."***

I 1930 var det tre gårdsbruk på Hammersmark med til saman 22 menneske. I dag er det ingen fastbuande på garden.

Tekst: **Steinar Tjomlid**
Foto: **Lars Audun Fodstad**

# Verksemd på Tonstad bedehus

## November

| | |
|---|---|
| **Torsdag 10. kl 19.00** | Basar NMS |
| **Søndag 13. kl 19.00** | Sang/musikk-møte |
| **Torsdag 17. kl 19.30** | Bønesamling |
| **Fredag 18 - lørd.19.** | Julemesse Kulturhuset |
| **Søndag 20. kl 11.00** | Storsamling |
| **Torsdag 24. kl 19.30** | Nattverdmøte |
| **Søndag 27. kl 17.00** | Adventsamling |

## Desember

| | |
|---|---|
| **Torsdag 1. kl 19.30** | Bønesamling |
| **Søndag 4. kl 11.00** | Storsamling |
| **Torsdag 8. kl 19.30** | Bønesamling |
| **Torsdag 15. kl 19.30** | Nattverdmøte |
| **Søndag 18. kl 19.30** | «Syng jula inn» i Tonstad kyrkje |
| **Tysdag 27. kl 17.00** | Julefest |
| **Laurd. 31. kl 23.00** | Tverrkyrkjeleg midnattsguds-teneste i kyrkja |

## Januar

| | |
|---|---|
| **Torsdag 5. kl 19.30** | Bønesamling |
| **Søndag 8. kl 19.30** | Kveldsmøte |
| **Torsdag 12. kl 19.30** | Nattverdmøte |
| **Søndag 15. kl 11.00** | Storsamling |
| **Torsdag 19. kl 19.30** | Bøneveka for kristen einskap |
| **Søndag 22. kl 19.30** | Kveldsmøte |
| **Torsdag 26. kl 19.30** | Årsmøte IMF |
| **Søndag 29. kl 11.00** | Storsamling |
| **31.1 - 12.2** | Møteveker NLM |

## Februar

| | |
|---|---|
| **Søndag 12. kl 11.00** | Storsamling |
| **Torsdag 16. kl 19.30** | Bønesamling |
| **Søndag 19. kl 19.30** | Kveldsmøte |
| **Torsdag 23. kl 19.30** | Bønesamling |
| **Søndag 26. kl 11.00** | Storsamling |

